



Tysk fangst i 2008: Lange på 23,7 kilo og 172 centimeter

Dei tyske fiske-entusiastane som ikkje sviktar Rabben Feriesenter men som kjem att kvart år må vera ekspertar på lange-fiske. I hvert fall er det ikkje lenge mellom kvar gang det kjem meldingar om at dei har fanga vaksne eksemplar av denne gode matfisken med kjøtt som liknar på torsk..



Fiskar Rainer Bessenreither med det som var att av den vaksne fisken etter at han var overført til frysaren måndag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag kveld fanga såleis Rainer Bessenreither frå Auerback i Oberpfalz (Bayern) ein lange som vog 22,7 kilo og var 172 centimeter lang. Det var personleg rekord for han, men han har før fått ein lange på 115 centimeter i Hardangerfjorden.

Rainer håva inn fisken utan spesielle problem ein stad nord for Ångulo ved åttetida og då han var attende på Rabben vara det ikkje lenge før fisken var fint partert og på plass i fryseboksen, klar for heimtransport. Dei flinke tyske fiskarane kjem som alltid før for det meste i grupper som Siggie Klemm leiar. Det er tilfelle også med Rainer, som har vore "Klemm-turist" i rundt rekna 15 år.

Klem sjølv var her første gongen i 1972, men då som privatmann. Dei organiserte reisene sine til Uskedalen har han dreve med sidan 1983, altså i 25 år, og det seier seg sjølv at han har vore ein grunnpilliar i Steinar Myklebust si turistverksemd.

Siggie fortel uskedalen.no at det ikkje har vore nedgang i talet på tyskarar som han har reist med til Uskedalen kvart år, men no satsar han på mindre bussar fordi han finn det mest praktisk. Dette året har han hatt rundt 50 "Rabben-turistar"

Når det gjeld lange er fisken som vart fanga måndag slett ikkje nokon rekord-fisk for "Klemm-turistane". I 1995 fanga ein av dei ein lange på 27 kilo som var 172 centimeter lang!

I leksika les vi at tyskarane gjerne kan setta seg enda høgare mål enn dette, for langten kan bli opptil to meter og vega 45 kilo sjølv om han vanlegvis ikkje er meir enn ein meter. Alle som har fiska lange veit at han går djupt, vanlegvis 300-400 meter, med unnatak av yngre fisk som held seg på grunnare vatn.

Av Ola Matti Mathisen



Tysk fangst i 1995: Lange på 27 kilo og 174 centimeter. (Foto: Sigg Klemm)